

Svenstad og Bråtå

gnr. 150



Lillebråten, Kobbersletten, Kongsrud

Av Knut Raastad, februar 2024



Kobbersletten 1998. Foto frå Norske gardsbruk 1998, digitaltmuseum.no / Gudbrandsdalsmusea.

Svenstad

Gnr. 150 bnr. 1, g.nr. 85

Svendstad vart ikkje nemnd i 1645, Svendstad var da ein del av Austrem. I 1645 var Oluff brukar i Bråtå. I 1668 var Olluff brukar på Svenstad med Bråtå 1 hud 2 skinn. Ola Svenstad f.ca.1605 d.ca.1678 var truleg ein av sønnene på Austrem. Ola var gift med Anne Andersdotter nedre Bjørnstad dotter til Anders og Karen Sjugurdsdtr. Ola og Anne hadde ein son:

Anders f.ca.1625 d.ca.1685, neste brukar

Ola vart gift på nytt med Marit Endresdotter d.etter 1678.

Anders Olsen Svenstad var fyrst gift med Eldri Andersdotter Kagrud, Heidal d.ca.1678, dei hadde 3 barn:

Ragnild f.ca.1660, g.m. Hans Hansen Stade Valde f.ca.1655

Anne f.ca.1660, g.m. Knut Hansen Stade 1652-1725

Rønne, g.m. Lars Snerle

Anders vart gift på nytt med Anne Torchildsdotter, dei hadde 1 barn:

Oluf f.ca.1680, neste brukar

Ole Andersen Svendstad f.ca.1680 d.ca.1734 fekk i 1720 skjøte frå syskjena sine Ragnild, Anne og Rønnoug på 2 4/5 skinn frå kvar og vart da eigar av heile Svendstad 1 hud 2 skinn, han hadde før sin arvepart som da må ha vore 5 3/5 skinn, kjøpesummen for kvart skinn var 5 rd. Ole Andersen Svendstad d.ca.1734 var gift med Ingrid Thoresdotter, og det var ho som vart nemnd i skoskatten 1711. Ole og Ingrid hadde 4 barn:

Barbro f.ca.1704

Ragnild f.ca.1707, g.m. Siver Andersen søre Olstad

Anders f.1713 d.ca.1773, neste brukar

Per f.1716

Anders Olsen Svendstad f.ca.1713 d.1773 vart 1740 gift med Anne Andersdotter f.ca.1719 d.1779, dei hadde 12 barn:

Ingri 1741-1745

Ole 1742-1745

Anders 1744-1745

Ingri 1746-1827, g.m. Anders Pålsen

Berit 1748-1771

Ole f.1750

Tord 1753-1818, g.1785.m. Eli Olsdtr. ø. Skår, g.2.1800 m. Kari Knutsdtr. nedre Stokstad 1757-1838, til Odden

Lars f.1755-1814, g.m. Ymbjør Arnesdtr. Runningen 1766-1848, til Rusten under Kleiven
Kari f.1758

Anne 1760-1848, g.1783.m. Ola Jonsen, i Søremskleiven

Rønoug 1764-1804, g.m. Ola Nilssen

Ragnild f.1766, g.1797.m. Lars Kristensen

Enkja Anne Andersdotter og eldste sonen Ole Andersen selde og skjøta i 1776 Svendstad 1 hud 2 skinn til ungar Iver Hansen Stranden for 1010 rd. Føderådskontrakta bestemte at Anne Andersdotter skulle ha plassen Bråtå og eit stykkje av engelandet Bråtå til odell og eige. I 1779 vart Bråtå seld vidare til Anders Knutsen Stokstad. Iver Hansen n. Strand 1752-1779 vart i 1778 gift med Ragnild Enersdotter Sundlien/Klokkargarden f.1750 dotter til Ener Hammer f.ca.1716 d.1801 og Mali Christensdtr. d.1795. Iver og Ragnild hadde 1 barn:

Hans 1779-1852, neste eigar

Ragnild Enersdotter f.1750 vart 1781 gift på nytt med Martin Hansen f.1747 d.1822, dei hadde 3 barn:

Mali f.1784

Hans f.1787

Synnev f.1791

Hans Iversen 1779-1852 fekk i 1799 skjøte på Svendstad 1 hud 2 skinn frå mora og stefaren for 699 rd. Soldat Hans Iversen vart i 1806 gift med Ragnild Hansdotter n. Stade 1788-1862 dotter til Hans Knutsen Stade f.1751 og Ingrid Kristoffersdtr. Storvik m f.1760. Hans og Ragnild hadde 7 barn:

Iver 1806-1886, g.m. Kari Johannesdtr. Runningen 1819-1904, føderådsfolk på Svendstad, i 1865 og 1875 var familien på Kobbersletten som vart frådelt frå Svendstad i 1861.

Hans f.1813, neste brukar

Ragnild 1816-1862, g.1847.m. Jacob Kveen 1812-1865

Ener 1819-1820

Ingri f.1820, g.m. Hans Jørgensen Kongsrud f.1806

Rønnaug 1827-1866, ugift (sinnsjuk i 1862)

Ener 1830-1831

Hans Hansen Svendstad f.1813 fekk i 1836 skjøte på Svendstad 1 hud 2 skinn frå faren for 500 spd. Hans Hansen vart 1837 gift med Mari Thorsdotter d.y. Holbø s. 1817-1886. I 1865 var Hans og Mari nemnd som gardbrukarar og sjølveigarar på Lillebråten. Hans Hansen reiste til Amerika i 1877, Mari budde siste åra på sygard Holbø. Hans og Mari hadde 6 barn:

Ragnild f.1840

Hans f.1842, han fekk i 1862 skjøte på Lillebråten som vart frådelt frå Svendstad i 1860.

Til Amerika med familien i 1877.

Kari f.1845

Tor f.1848

Einar f.1851

Gulbrand 1854-1862

Paul 1858-1862

I 1860 var det skjøte frå Hans Hansen Svendstad til Iver Nilsen Haugen. Iver Nilsen Øigaarden 1806-1890 vart 1834 gift med Mari Paulsdotter ne. Frisvold, Lom f.ca.1796 d.1875 (bror hennar var gift til sygard Holbø). Frå 1840 til dei kom til Svendstad var Iver og Mari på nørdrø Haugen i Holongsøyen. Iver og Mari hadde 3 barn:

Rønnog f.1833

Nils 1835-1837

Paul 1840-1919, neste brukar

Paul Iversen Svendstad 1840-1919 vart nemnd som gardbrukar og sjølveigar i 1875, men hadde ikkje skjøte. I 1876 kjøpte Paul nordgard Holbø og flytta dit. Paul vart 1880 gift med Randine Johannesdtr. Viborg 1857-1937, dei hadde 6 barn (sjå Holbø)

I 1876 var det skjøte på Svenstad frå Iver Nilsen til Hans Ottesen Fjøsne for 3200 spd., same året kjøpte han systugu Austrem. Hans Scheldrup Ottesen Fjøsne, Luster 1832-1909 var son til Maren Susanna Eriksdtr. Fjøsne 1800-1874 og Otte Olsen Fuhr 1785-1841. Hans Ottesen vart 1870 gift med Kirstine Kristoffersdotter Mørkrid 1843-1897, i 1875 var dei forpaktarar av Ottum i Luster. Hans hadde med Mari Hansdtr. n. Valde f.1840 sonen:

Iver Aasgaard 1868-1853, g.m. Mari Hansdtr. Steine 1867-1935

Hans og Kristine hadde 7 barn:

Susanna 1871-1921, til Fåberg

Otto 1873-1924, g.m. Marie Pålsdtr. Andvord 1867-1919

Kristoffer 1874-1950, g.m. Lena H Lewison 1874-1965

Søren 1876-1954, g.1913.m. Syverine Pedersdtr. Rusten 1885-1981 i Bøverdalen

Marie 1878-1939, g.m. Bredo O Lundgård 1876-1925

Melchior 1881-1922, seinare brukar

Ole 1883-1962, g.m. Minnie Alma Hanson 1888-1969

Familien budd truleg på systugu Austrem slik det går fram av folketeljinga i 1900.

I 1898 var det hjemmelsdokument i buet etter avdøde Kristine Kristoffersdotter Fjøsne og attlevande mann Hans Ottesen Fjøsne til den åsætesberettiga Søren Hansen Fjøsne for kr 5000. Søren vart 1914 gift med Syverine Pedersdotter Rusten, Bøverdalen 1885-1981 og dei overtok Rusten i 1922. Søren og Syverine hadde 4 barn:

Hans Peder 1915-1992, g.m. Anne A Nørjordet 1922-1991. I Rusten

Peder f.1919

Kristian 1923-1943

Sigmund f.1927

I 1907 var det skjøte frå Søren Fjøsne til Knut I Flatmo 1852-1928 for kr 9000, herav lausøyre kr 750. Knut f.1862 vart 1884 gift med Guri Erlandsdotter Råsbakken n. f.1956. Dei var seinare på nigard Sandbu, nordgard Valde og Lye.

Året etter i 1908 vart Svendstad skjøta over til broren til Søren, Otto Austrem for kr 10427, herav for lausøyre kr 1050.

I 1909 var det odelsløysingsskjøte på Svendstad frå Otto H Fjøsne til Melchior H Fjøsne for kr 10000. I 1910 budde Melchior, Søren f.1876 og Susanna f.1871 på Svendstad.

Melchior Fjøsne 1881-1922 vart 1915 gift med Maria Rostad, Sunde n. 1893-1949 dotter til Østen O Rostad og Mari f. Halvorsen Galde. Melchior og Maria hadde 4 barn:

Harald 1916-2003, neste brukar

Kristoffer 1919-1964, g.m. Thora Ymbjørgøyen 1915-1990

Øisten 1920-1982, g.m. Erna 1922-1981

Magne f.1920, g.m. Agnes

Harald Fjøsne overtok etter mora i 1949, han vart 1952 gift med Marie Slåen, Sel f.1930 dotter til Kristian Slåen og Guri Haugstulen. Harald og Marie hadde 3 barn:

Magne Kåre f.1957, neste brukar

Kåre Gunnar f.1960, til Randen

Eva Mariann f.1967

Magne Kåre Fjøsne overtok etter faren i 1982, han er sambuar med Kari Strangstad, Øyer f.1960 dotter til Halvor Strangstad f.1928 og Gunhild Høglie f.1929. Magne Kåre og Kari har 2 barn:

Håvard f.1987

Vegard f.1994

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom.

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Torggrim Hegdal, 2021: opplysningar om Svenstad

Lillebråten

Lillebråten vart frådelt frå Svendstad i 1860 med skjøte i 1862 frå Hans Hansen til sonen Hans Hansen for 500. Men i 1865 var det faren Hans f.1813 som stod som gardbrukar og sjølveigar på Lillebråten. Hans Hansen f.1813 fekk i 1836 skjøte på Svendstad 1 hud 2 skinn, men selde Svendstad i 1860. Hans Hansen f.1813 vart 1837 gift med Mari Thorsdotter d.y. Holbø s. 1817-1886. Hans Hansen reiste til Amerika i 1877, Mari budde siste åra på sygard Holbø. Hans og Mari hadde 7 barn:

Ragnild f.1840

Hans f.1842, han fekk i 1862 skjøte på Lillebråten, g.m. Mari Olsdtr. Holbøseie Gjertrud-
nesset f.ca.1844, dei budde i 1875 i hjå foreldra henner, dei hadde sonen Paul f.1874

Kari f.1845

Tor f.1848
Einar f.1851
Gulbrand 1854-1862
Paul 1858-1862

I 1871 var det auksjonsskjøte på Lillebråten til Ole Syversen Braaten for 310 spd. Ole Syversen 1843-1890 var frå øvre Bråten under Kleppe son til Syver Olsen Bråten f.1818 og Imbjør Pedersdtr. Synslien 1821-1879. Ole vart 1868 gift med Kari Hansdotter Josten 1841-1900, dei hadde 8 barn:

Syver 1868-1887
Syver 1869-1869
Hans 1871-1897
Ymbjør 1874-1876
Iver f.1878, neste brukar
Anne 1881-1895
Ole 1884-1970, til Amerika 1905, g.m. Nora Josephine Jacson
Mari 1887-1896

I 1901 var det skifte etter Ole Syversen Lillebraaten og hustru Kari Hansdotter. Eigedommen Lillebråten gnr. 150 bnr. 2 vart verdsett til kr 1300 og lausøyre til kr 214. Eigedommen vart utlagt til Iver Olsen Lillebraaten medan Ole Olsen Lillebråten fekk pant i eigedommen for kr 437,-. I 1900 var det den ugifte Iver f.1878 som var eigar og brukar på Lillebråten, også Ole f.1884 budde på Lillebråten. Iver emigrerte til Amerika i 1903.

I 1916 var det kjøpte frå Iver Olsen Lillebråten til Syver Johnsen Lillebråten for kr 2400,-. Foreldra til Syver, Johan Syversen og Sina Pedersdotter fekk i 1917 tinglyst føderåd verdsett til kr 1400,-. Johan, Jo eller Jon Syversen 1864-1937 var frå øvre Bråtå, bror til Ole Syversen 1843-1890 som kjøpte Lillebråten i 1871. Syver Johnsen som overtok i 1916 ser ut til å vera sonen til Jon og dermed syskenbarn til Iver som han overtok etter.

I 1923 var det kjøpte frå Syver Lillebråten til Jon Lillebråten for kr 4000,-. Jon 1864-1937 vart 1901 gift med Sina Kårstad 1882-1945 dotter til Peder Kaalstad. Truleg har Jo og Sina flytta inn i Vetlbråta i samband med at Iver og Ole reiste til Amerika i 1903-1905. Jon og Sina hadde 11 barn:

Syver 1901-1978, førre eigar, g.m. Mathea Josten. På Otta.
Per 1903-1904
Per 1905-1962, g.m. Marit Reiret f.1832
Iver 1908-1970, neste brukar
Sigurd 1910-1998, g.m. Mari Ulsletten. I Rudiløkken.
Ola 1912-1983, g.m. Laura Kristoffersen f.1936. Svastua på Lalm.
Gustav 1914-1921
Signe 1916-1991, g.m. Anders Dissen. På Lalm.
Jon f.1918, g.m. Sigrid Bernhardsdtr. Karlsen f.1918. På Bolstad.
Mari 1921-1998, g.m. Sigurd Rugsveen

Gustav f.1923, g.m. Astrid Bolstadløkken. På Lalm.

I 1936 var det skjøte frå J Lillebråten til Ivar J Lillebråten for kr 4000,- samt føderåd til seljar og hustru verdsett til kr 1500,-. Ivar f.1908 vart 1937 gift med Rønnaug Olsdotter Løkken f.1910, dei hadde 6 barn:

Jon f.1937, g.m. Ruth Kalbakk
Ola f.1939, neste brukar
Sigmund f.1941, g.m. Margot Anna Roen
Ivar f.1943, g.m. Marie Bersvendstuen
Magne f.1945, g.m. Randi Formofetten
Ragnhild f.1946, g.m. Per Otto Mathiesen

Ola overtok etter faren i 1966. Ola vart 1965 gift med Kari Guri Gården f.1947 dotter til Johan Gården f.1912 og Ragnhild Sundhagen f.1915. Ola og Kari har 4 barn:

Jan-Ivar f.1965, neste eigar
Rita f.1968
Elin f.1977
Heidi f.1981

Jan-Ivar er gift med Randi Haugstulen, dei har 2 barn:

Jørn f.1988
Marit f.1992

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Per Ivar Lillebråten: Jo Lillebråtens søsken

Kobbersletten

Iver Hansen Svendstad gjorde i 1859 avtale med broren Hans Hansen Svendstad om bruk av Kobbersletten. Kobbersletten vart frådelt frå Svendstad i 1861. Iver 1806-1886 var son til Hans Iversen Svendstad 1779-1852 og Ragnild Hansdotter n. Stade 1788-1862. Iver var gift med Kari Johannesdotter Runningen 1819-1904 dotter til Johannes Christensen Runningen. 1851-1858 var Iver føderådsmann på Svendstad, men i 1865 og 1875 var familien sjølveigarar og gardbrukarar på Kobbersletten. Iver og Kari hadde 6 barn:

Ragnild f.1851
Ragnild 1853-1856
Hans 1854-1854
Hans 1856-1856
Johannes 1858-1943, neste brukar
Hans 1861-1861

I 1885 var det skjøte på Kobbersletten gnr. 150 bnr. 3 frå Iver Hansen Kobbersletten til Johannes Iversen for kr 1800 og føderåd, Iver Nilsen Svendstad godkjende skjøtet. Føderådskontrakta til foreldra Iver Hansen og Kari Johannesdotter var datert 1880, men tinglyst i 1885. Johannes 1858-1943 vart 1884 gift med Anne Knutsdotter Nylykkjehaugen 1860-1955 dotter til Knut Olsen. Johannes og Anne hadde 5 barn:

Kari 1884-1920

Marit 1886-1995

Ivar f.1891, neste brukar

Knut f.1897, g.m. Marit Åsen

Johan 1903-1996, seinare brukar

I 1923 var det føderådskontrakt frå Ivar Kobbersletten til foreldra Johannes Kobbersletten og hustru Anne Knutsdotter, truleg har han overteke da. Ivar dreiv i 1920 som tømmerkjørar med eigen hest, han var gift med Kari Knutsdotter Bråten ø. 1898-1980. Ivar og Kari hadde 2 barn:

Jon f.1921, g.m. Mari Ramen

Ragnhild f.1922, g.m. Jon Sveen 1908-1985. Til Bråten nedre.

Kari hadde seinare dottera

Klara, g.m. Ola Haugtrædet

Kari vart 1945 gift på nytt med Pål H Bråten, Sveinlykkja 1885-1973, dei hadde 1 barn:

Gudveig f.1942, g.m. Svein Arne Andreassen

I 1930 var det skjøte frå Kari Kobbersletten, vedteke av Johannes Kobbersletten, til Johan Kobbersletten for kr 4453,- inkl. lausøyre kr 2750,- samt føderåd til Johs. Kobbersletten og hustru. Johan Kobbersletten vart 1931 gift med Aagot E Akerløyken, Lesjaskog 1903-1949. Johan og Aagot hadde 4 barn:

Anna f.1932

Mari f.1934

Jens f.1939, neste eigar

Einar f.1942

Jens Kobbersletten overtok i 1959. Han vart 1970 gift med Astrid Jenny Sanden f.1934 dotter til Ola J Sanden f.1911 og Kari Løyken. Barna er:

Jonny Sanden f.1956

Åse Kari f.1970, neste eigar

Åse Kari overtok i 1996.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Klara Austrem

Bråten

Koppeskatten 1645 viser Oluff Bratt og hans hustru på Bratt ødegård. Truleg er dette Bråtå. I 1668 var Olluff brukar på Svenstad med Bråtå 1 hud 2 skinn. Ola Svenstad f.ca.1605 d.ca.1678 var truleg ein av sønnene på Austrem. Ola var gift med Anne Andersdotter nedre Bjørnstad dotter til Anders og Karen Sjugurdsdr. Ola og Anne hadde ein son:

Anders f.ca.1625 d.ca.1685

Arne Jonsøn f.ca.1716 d.1764 vart 1739 gift med Randi Iverdotter. Arne og Randi er nemnd som Braaten ved barnefødsjar frå 1744 til 1754. Dei hadde 5 barn:

Iver f.1744

Dorthe f.ca.1746, g.m. Ole Siverson

Jon 1749-1749

Jon f.1750, i Trondheim i 1764

Anne f.1753, g.m. Hans Pedersen under Ellingsbøe

I 1768 var det skjøte på plassen Braaten frå Anders Olsen Svenstad til Lars Jørgensen (Johnsen?) for 216 rd.

Lars Jørgensen Braatten selde i 1774 husmannsplassen Braatten til Jørgen Knudsen for 232 rd.

Enkja Anne Andersdotter Svendstad og eldste sonen Ole Andersen selde i 1776 Svendstad. Føderådskontrakta bestemte at Anne Andersdotter skulle ha plassen Bråtå og eit stykkje av engelandet Bråtå til odell og eige.

I 1779 vart Bråtå seld vidare til Anders Knutsen Stokstad nedre f.1748 for 250 rd. Anders hadde 3 barn:

Marit 1780-1782

Knut f.1788

Mari f.1791

I 1788 selde Anders Knutsen med samtykke frå kona plassen Braatten til Ejner Syversen Snerle for 250 rd.

Anders Olsen f.ca.1754 d.1834 vart 1795 gift med Rønnov Enersdotter f.ca.1770 d.1840 dotter til Einar Larsen Holongsøyen (søre Haugen) d.1784 og Kari Pedersdotter Sør-Sandbu. Anders og Rønnov hadde 8 barn:

Ole f.1797

Ener 1798-1868, neste brukar

Kari f.ca.1799, g.m. Hans Syversen Øyen f.1796

Johan 1800-1801

Kari 1804-1818

Ingri f.1806

Mari 1808-1814

Ingri 1812-1875, g.m. Ole Hansen Kaggerudhagen, Heidal

I 1827 var det skifte for Anders Olsen Braaten og hustru. Sonen Ener Andersen fekk utlagt til seg jordbruket Braaten for 80 spd. I 1830 tinglyste Ener Andersen ein obligasjon på 40 spd. med pant i plassen Braaten. I 1837 var det obligasjon på 100 spd. med pant i gardparten Braaten. Ener Andersen Braaten vart 1823 gift med Anne Olsdotter Austrem n. f.1797 dotter til Ole Olsen Austrem n. f.ca.1758 d.1808 og Kari Jakobsdtr. Soljem f.ca.1773 d.1837. Ener og Anne hadde 4 barn:

Mari f.1823, hadde med Ole Olsen Stokstadneset n. f.1814 sønnene Ole f.1847, Ener f.1850

Kari f.1826, g.m. Paul Olsen Stokstadneset n. f.1819

Anders f.1831, neste brukar

Ingeborg f.1836, på Bråten i 1875. Hadde sonen Anders Edvardsen f.1866

I 1852 var det skjøte på Braaten frå Ener Andersen til sonen Anders Enersen for 260 spd. Det vart tinglyst føderådsbrev frå Anders Enersen til faren.

Anders Enersen Braaten f.1831 vart 1851 gift med Barbro Thorsdotter Holbø s. 1821-1857 dotter til Thor Gulbrandsen Snerle m. d.1831 og Kari Pålsdtr. Holbø s. I 1862 var det skifte etter Barbro Thorsdotter Braaten, Bråten vart da utlagt til eigedom for Anders Enersen.

Anders og Barbro hadde 3 barn:

Ener f.1852

Rønnoug f.1854

Thor 1857-1859

Anders vart 1862 gift på nytt med Rønnoug Olsdotter Stokstad nedre f.1829 dotter til Ola Knutsen Stokstad nedre 1799-1847 og Kari Thorsdtr. Holbø s. 1802-1862. Anders var sjølveigar i Bråten i 1865, i 1866 reiste heile familien til Amerika. Anders og Rønnaug hadde 3 barn:

Ole f.1859

Paul 1862-1863

Anne f.1863

I 1865 var det auksjonsskjøte til Paul Holbø for 360 spd.

I 1870 var det skjøte frå Paul Holbø til Ole Olsen Moen for 500 spd. I 1905 var Ole Olsen fortsett eigar da han skreiv ut ein obligasjon til Hypotekbanken på kr 1200 med pant i Bråten gnr. 150 bnr. 4. Ole Olsen Moen 1834-1917 var frå Skinnarmoen/Pressmo son til Ole Larsen Rusten 1797-1877 og Anne Arnesdtr. Pressmo 1796-1867. Ole var gift med Anne Olsdotter Kokkehaugen 1836-1907 dotter til Ole Johnsen Kokkehaugen 1804-1868 og Ragnhild Olsdtr. nördre Skjedsvollhaugen 1804-1885. I 1865 budde Ole og Anne på Kokkehaugen, dei hadde 7 barn:

Ole f.ca.1861

Anne f.ca.1863

Ole f.1866

Johan 1868-1952, neste brukar

Oliana f.1870

Karen f.1874, g.m. Peder Iversen Nystuen f.1873. Forpaktarar i Bråtå i 1920.

Ole f.1877, g.m. Gunhild Syversdtr. f.1877, til Kongsrud

I 1914 var det skjøte frå Ole O Braaten til sonen Johan O Bråten for kr 3000,- inkl. lausøyre kr 655,- samt føderåd verdsett til kr 655,-.

Peder Iversen Nystuen f.1873 var i 1920 forpaktar. Han var gift med Karen Olsdotter Bråten f.1874, dei hadde 4 barn:

Ragnhild f.1900

Anna f.1901

Oleane f.1903

Ola f.1908

Ola Kongsrud 1900-1974 kjøpte i 1952 Bråtå gnr. 150 bnr. 4 etter Johan Bråten og slo bruket saman med Kongsrud gnr. 150 bnr. 5. Familien flytta frå Kongsrud til Bråtå i 1965, Bråtå ligg vest for Kongsrud.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kongsrud

Johannes Olsen f.ca.1743 d.1793 vart 1775 gift med Marit Larsdotter. Ved skifte i 1793 vart Johannes nemn som Kongsrud. Johannes og Marit hade 1 barn:

Ole f.1775

Soldat Ole Andersen f.ca. 1761 vart 1792 gift med Mari Johansdotter f.ca.1772. Ved barnefødsel i 1800 vart Ole nemnd som Kongsrud, og i 1801 var dei husmannsfolk under Svendstad. Ole og Mari hadde 3 barn:

Anders f.ca.1792

Ragnild f.1797

Johannes f.1800

Soldat Jørgen Hansen 1778-1860 vart 1803 gift med Barbra Olsdotter f.ca.1773/1785 d.1855. Ved barnefødsel i 1806 er Jørgen nemnd som Kongsrud. Jørgen Sveen var son til Hans Erlandsen Sveen 1751-1830 og Anne Jørgensdtr. f.1755. Barbro Olsdotter var frå nedre Stokstad dotter til Ole Knutsen Stokstad 1739-1797 og Ingri Olsdtr. Bilben ø. 1739-1801. Før ekteskapet hadde Barbro 2 barn:

Mari Johannesdotter f.ca.1796

Barbro Olsdotter f.ca.1799

Jørgen og Barbra hadde 3 barn:

Ole 1803-1871, g.m. Kari Hansdtr. Brenden, Dovre f.ca.1803. Til Bjølstadeie, til Lofoten 1842, død i Trondenes i Troms. Kvernsteinhauggar.

Hans 1806-1888, neste brukar

Ingri f.1816

Hans Jørgensen Kongsrud vart 1850 gift med Ingri Hansdotter Svendstad 1820-1883 dotter til Hans Iversen Svendstad 1779-1852 og Ragnhild Hansdtr. Stade n. 1788-1862. Hans vart i 1865 og 1875 nemnd som husmann med jord. Hans og Ingri hadde 4 barn:

Barbro 1853-1871

Jørgen 1854-1862

Hans f.1857

Ragnild f.1861

I 1900 var Hans Stubrud, Heidal f.1849 forpaktar av jordbruk, han var gift med Marit Paulsdotter f.1856. Hans K Stubrud skreiv i 1900 føderådskontrakt med Anne Kjølstad og kom truleg til øvre Kjølstad det året. Hans Stubrud 1852-1928 var son til Knut Pedersen Bilbeneie 1809-1881 og Marit Hansdtr. Faukstadeie 1805-1885. Hans vart 1886 gift med Marit Pålsdotter Kringlethaugen, Heidal f.1855 d.1925 dotter til Pål Hansen søre Randen, Heidal f.1818 og Tora Knutsdtr. Aspen, Heidal 1811-1886. I 1920 var Hans og Marit gardbrukarar på øvre Kjølstad.

Kongsrud gnr. 150 bnr. 5 vart frådelt frå Svenstad gnr. 150 bnr. 1 i 1904 med skjøte i 1905 frå Søren Hansen til Ole Olsen Braaten for kr 1600,-. Ole Olsen Braaten f.1877 var frå nabobruket Bråtå son til Ole Olsen Moen 1834-1917 og Anne Olsdtr. Kokkehaugen 1836-1907. Ole f.1877 var gift med Gunhild Syversdotter Granrud f.1877. I 1900 budde Ole og Gunhild i Bråtå, dei hadde 9 barn:

Kari f.1896

Ole 1900-1974, neste brukar

Sverre f.1902

Astrid f.1905

Johan f.1910, g.m. Olga Olsdtr. Skogheim f.1912

Bernhard f.1912

Gudrun f.1914

Olga f.1916

Arne f.1919

I 1933 var det skjøte på Kongsrud frå Ole O Kongsrud d.e. til sonen Ole O Kongsrud d.y., men i 1935 var det skjøte attende til Ole O Kongsrud d.e. I 1946 var det på nytt skjøte frå Ole O Kongsrud d.e. til Ole O Kongsrud d.y. Ola Kongsrud 1900-1974 kjøpte Bråtå gnr. 150 bnr. 4 i 1952 og slo bruket saman med Kongsrud gnr. 150 bnr. 5. Familien flytta frå Kongsrud til Bråtå i 1965, Bråtå ligg vest for Kongsrud. Seinare er det bygd att i Kongsrud også. Ola

Kongsrud 1900-1974 vart 1928 gift med Ragnhild Dalen 1908-1989 dotter til Amund Olsen Øyen 1877-1954 og Marit Sælatung-Dalen 1876-1942. Ola og Ragnhild hadde 4 barn:

Gunvor f.1928

Anna Marie f.1933

Oddny f.1935

Jan f.1937, neste eigar

Jan overtok etter faren i 1963. Han vart 1959 gift med Åse Ingebretsen f.1940 dotter til Loyd Albert Ingebretsen f.1912 og Anna Ingeborg Ekren f.1910. Jan og Åse har 2 barn:

Odd f.1959, neste brukar

Bjørn f.1967, g.m. Linda Ulsletten

Odd er gift med Åse Øygarden, dei har 2 barn:

Silje f.1984

Anders f.1985

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.